

Oppvekstprofilen for Gol kommune 2023

Årets tema er “Vegen til barn og unge gjennom pandemien”


Pandemien har vist at samfunnsmessige endringar rammar barn og unge ulikt, avhengig av deira eigenskapar, ressursar og livsvilkår. Dette er viktig kunnskap når kommunane skal planleggja for best moglege oppvekstvilkår for barn og unge framover.

Oppvekstprofilen kan nyttast i helsefremmande og førebyggjande arbeid for barn og unge, der me kan bruke tilgjengelege data til å bevisstgjere, beslutte og velgje fokusområde på alle nivå i kommunen.

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI her.](#)

Funn i Gol:

- Høg andel innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre
- Høg andel born i familiar som mottek sosialhjelp
- Få som bur trngt
- Krav til grunnbemanning og pedagogisk bemanning i barnehage er i mindre grad oppfylt, enn landssnittet og snittet i fylket
- Låg meistringsgrad i rekning på 5.trinn
- Ungdom er fornøgd med treffstader, men noko mindre fornøgd med lokalmiljøet
- Deltaking i organisert fritidsaktivitet har gått ned
- Unges skjermtid aukar
- Andel unge som har vore rusa på alkohol er høg



Figur 1: Fritid og helse i kommunen. Tal frå 2020 er frå før pandemien, tal for 2022 er frå etter restriksjonane*. (Kjelde: Ungdata)

Kva har me lært av pandemien?

I perioden frå mars 2020 til februar 2022 vart det sett i verk fleire nasjonale og regionale tiltak for å bremsa spreieing av SARS-CoV-2 viruset. Dette førte til periodar med stengde skular, stopp i organiserte fritidsaktivitetar og eit generelt krav om avgrensingar i sosial omgang med andre. Kva veit me om korleis pandemien og tiltaka har påverka barn og unge?

- Dei grunnleggjande **skuleferdigheitene** til elevane har ikkje endra seg vesentleg under og etter pandemien. Det var ingen nedgang i talet på elevar som fullførte vidaregåande skule, og ingen auke i andelen som ikkje fekk bestått i faga sine
- Dei seinare åra har stadig færre ungdommar delteke i **organiserte fritidsaktivitetar**. I 2021 vart det rapportert eit ytterlegare fall i deltakinga. Samtidig såg me ein auke i skjermtid, og auke i uorganiserte fritidsaktivitetar og trening på eige hand
- **Økonomien** i barnefamiliane vart ikkje dårlegare under det første pandemiåret. Unge frå familiar med låg inntekt og unge med innvandrarbakgrunn opplyste likevel at dei var meir bekymra for økonomien til familien under pandemien
- Dei fleste ungdommane har kome seg gjennom pandemien på ein god måte, trass i ein liten forbigåande auke i **psykiske plager**. Etter pandemien er ungdommar flest tilbake i sitt vanlege liv utan store negative konsekvensar eller påkjenningar
- **Pandemien ramma ulikt**, dei mest sårbare borna er dei som blei råka mest. Som born i familiar med låg inntekt, born i familiar med vald eller høgt konfliktnivå, born med store hjelpebehov, einslege flyktningar og andre utette grupper med lite sosialt nettverk.

Kommunane har ei rekkje verkemiddel for å betra forholda til barn og unge. Dette inkluderer generelle tiltak som kjem alle til gode, og målretta tiltak for barna og familiane med dei største utfordringane:

- Lage plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, som inneber samordning av tenestetilbodet for barn og familiar
- Legge til rette for eit godt og trygt læringsmiljø på skulen
- Bidra til at det finst organiserte fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle barn og unge, uavhengig av ressursane til foreldra
- Sikre psykisk helsehjelp til barn og unge
- Gi tilbod om rettleiing til foreldre i utsette familiar
- Bidra til at foreldra får ein betre og meir føreseieleg økonomi

Forslag om tiltak retta mot barn og familiane deira finst på www.kunnskapombarn.no

